



Naboinformasjon

I følge §6 i Storulykkesforeskrifta er det krav at bedrifter som er omfatta av den, skal ha tilgjengeleg informasjon til personar og naboar som kan bli påverka av ei storulykke.

Hos Sandella blir det produsert polyuretanskum og vi er dermed omfatta av denne foreskrifta på grunn vi denne prosessen brukar TDI (toluendiisocyanat – cas nr. 26471-62-5). Risikobildet er størst ved lossing av råstoff i frå bil og ved eventuell brann i den sørlege enden av fabrikk. Ved lossing er den farlegaste eigenskapen til stoffet at det fordampar lett dersom det oppstår lekkasje og kan skape allergiske reaksjonar. Stoffet er ikkje lett antenneleg, men ved brann kan røyken innehalde TDI.

Tiltak for å hindre uhell ved bedrifta.

- Anlegget er svært godt vedlikehalde og har høg teknisk sikkerheit i samband med lagring og prosesser der desse kjemikaliane er i bruk.
- Vi har regelmessige tilsyn av både Arbeidstilsynet, DSB (Direktoratet for sikkerheit og beredskap) og NSO (Næringslivet sin sikkerhetsorganisasjon).
- Bedrifta utfører regelmessige risikoanalyser for å kunne utføre tiltak for å redusere risikoen for at uønska hendingar skal kunne skje.
- Vårt industrivern har regelmessige øvingar og vi trenar på å handtere risikoar vurdert ut i frå Storulykkesforkrifta. Dette er også nedfelt i vår beredskapsplan som er utarbeidd i følge den same forskrifta, og har stort fokus på førebyggjande tiltak. Beredskapsplanen er også ein del av Sykkylven kommune sin beredskap og er også tilgjengeleg der.
- Risiko for uhell/ulykker er derfor vurdert som svært liten og vi har sidan 1970 hatt dette kjemikaliet i bruk, utan at vi har hatt uhell som har medført risiko, verken internt eller for naboar.

Dersom det skulle oppstå ein situasjon som medfører behov for omgåande tiltak utanfor området til bedrifta, vil informasjon til naboar bli gjort i samråd med kommune og politi som også vil stå for varsling.

Ved ein eventuell brann i bedrifta med kraftig røykutvikling bør naboar halde seg innandørs og lukke vindu og ytterdører. Slå av ventilasjonsanlegg som hentar luft utanfrå.

Berre kyndig personell i frå Sandella sitt industrivern, redningsteneste og politi har tillatelse til å halde seg på bedrifta sitt område ved ein akutt hending.

Det er Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) som har ansvar for oppfølging av storulykkesforeskrifta. Melding i forhold til §6 i forskrifta er sendt tilsynsmyndigheitene. Informasjon om tilsyn hos Sandella kan skaffast hos DSB.

Sandella Fabrikken AS, desember 2025.

Kontaktpersonar:

Ingemar Eliassen (adm. dir), tlf. 952 55 114, ingemar@sandella.no

Stein Erik Stømmen Nordvoll (Vedlikeholdssjef), tlf. 400 65 785, steinerik@sandella.no